
Fra: Øyvind Strømmen <oyvindstrommen@gmail.com>
Sendt: mandag 31. august 2020 12:29
Til: Jan Erik Boge; Knut Harald Frøland; Oskar Røen; Magni Petersen
Emne: Interpellasjonar til KS-møte 16. september

Hei,

under følgjer to interpellasjonar frå Miljøpartiet Dei Grøne til kommunestyremøtet 16. september.

INTERPELLASJON FRÅ MILJØPARTIET DEI GRØNE: LOKALLANDBRUK

Det er relativt lite landbrukverksemd att i Samnanger kommune, og delar av kulturlandskapet er også i ferd med å gro att.

Fleire politiske parti har vore opptekne av å fremma lokalt landbruk, og av å bidra til auka lokal matproduksjon. I valkampen 2019 løfta varaordføraren sitt parti, Senterpartiet, til dømes fram følgjande i sitt valprogram:

- At ein ville oppmoda og stø etableringa av ein bondens marknad lokalt i Samnanger
- At ein ville opna for at næringsfondet kunne gje midlar til nydyrking og gjendyrking av land
- At ein ville undersøkje moglegheitene for eit lokalt eller mobilt slakteri i Samnanger

Miljøpartiet Dei Grøne ser på dette som gode og interessante forslag, og vil i samband med sistnemnde peika på at dette både kan ha dyrevelferdsmessige føremoner og kan bidra til verdiskaping. På den bakgrunnen vil MDG stilla følgjande spørsmål:

1. Kva tiltak ser ordføraren for seg for å auka lokal matproduksjon i Samnanger?
2. Ser ordføraren på det som aktuelt å ta initiativ til ein lokal bondens marknad?
3. meiner ordføraren at det er aktuelt å løyva pengar til tiltak for å styrka det lokale landbruket i fyrstkomande budsjettprosess?

INTERPELLASJON FRÅ MILJØPARTIET DEI GRØNE KLIMAARBEID OG MILJØFYRTÅRN

Klimaendringane er den største utfordringa i vår tid, og behovet for synlege verkemiddel i klimapolitikken er veksande. Samnanger kommune har meldt seg inn som Klimapartner, skal utarbeida ein ny klimaplan og har etter framlegg frå Miljøpartiet Dei Grøne sett av pengar på eit eige fond for bærekraftig utvikling.

Miljøfyrtårn-ordninga er eit konkret og effektivt verktøy for sertifisering og miljøleing, også innanfor kommunal sektor. Ei kommunal satsing på Miljøfyrtårn kan både bidra til å feia for eiga dør og vera eit næringspolitisk verkemiddel.

Miljøpartiet Dei Grøne har følgjande spørsmål:

1. Kan ordføraren gjera greie for status for arbeidet med ny klimaplan og for status for arbeidet gjennom / i samarbeid med Klimapartnerne?
2. meiner ordføraren at bruk av Miljøfyrtårn-sertifisering eller andre sertifiseringsordningar er eit eigna verkemiddel for å gjera kommunal drift meir miljøvenleg, og vil ordføraren ta initiativ til at dette vert finansiert på budsjettet for 2021 og i komande økonomiplan?